

Opptaksordning ved hovudopptak barnehage

Søknadsfrist for hovudopptak 2021 er 15.februar 2021.

Det vil sei om du ønskjer plass hausten 2021, må du søkje innan 15.februar.

Alle søker elektronisk

Alle barn med rett til plass jfr. Lov om barnehager § 12a skal få tilbod om plass. Retten gjeld barn 1-5 år som har fylt 1 år innan utgangen av november. Du søker elektronisk om barnehageplass i programmet Vigilo, via Osterøy sine heimesider. Du kan søkje 3 barnehagar i ei prioritert rekkefølge.

Kommunen har egne vedtekter for dei kommunale barnehagane, der du finn informasjon om kriterier for opptak, åpningstider, betaling, ferie mm. Private barnehagar har egne vedtekter, som ligg på deira heimesider.

Søknad om overflytting - oppdater søknaden din i januar

Dersom du har barnehageplass og ønskjer å byte barnehage, må du sjølv kontrollere at du har søkt plass i den aktuelle barnehagen. Fint om du og kommuniserer med styrar i noverande barnehage om søknad om overflytting. Tilbod om endring av plass gjeld frå 1. august.

Hovudopptak - søknadsfrist 15.februar

Alle som har rett til barnehageplass, jfr. Lov om barnehagar, og ikkje har eit barnehagetilbod får sin søknad behandla i hovedopptaket. Søknader som kjem inn etter søknadsfristen blir med i suppleringsopptaket. Hovudopptaket er eit samordna opptak og vert gjort av styrar og under leiging av Leiar barnehage, i sektor for Oppvekst, undervisning og kultur.

Suppleringsopptak gjennom året

Går føre seg gjennom heile året når det er ledige plassar.

Suppleringsopptak gjeld barn med og utan barnehageplass og det er styrar i den einskilde barnehage som gjer opptaket.

Vil du stå på venteliste?

Når du svarer på tilbod om barnehageplass kan du krysse av for at ein vil stå vidare på venteliste til barnehageprioritet nr. 1. Det vil sei at om du får tilbod frå barnehageprioritet nr.2, kan du framleis stå på venteliste til barnehageprioritet nr. 1.

Nytt frå 2021 – 80% plass fasast ut

Kommunale barnehagar gir frå 2021 berre tilbod om fulldagsplassar, det vil sei 5-dagars plass.

Tidlegare har kommunale barnehagar hatt tilbod om 80% plass. Dei barna som allereie har avtale om 80% plass beheld plassen fram til skulestart.

Send skriftleg dokumentasjon

Ved søknad om prioritet til barnehageplass skal eventuell dokumentasjonen sendast til:

Osterøy kommune
Oppvekst, undervisning og kultur
Geitaryggen 8
5282 Lonevåg

Dokumentasjonen kan og leverast i resepsjonen på Rådhuset.